

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Løken
 Emne: Julenissen Bygdelag:
 Oppskr. av: Aksel Anderssen Gard:
 (adresse): Adalsbruk G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Harald Hagen, f. 1890, Adalsbruk, kjende ikkje skikken med julenisse i sin barndom og ungdom heime. I 1918 vart han økonom i Adalsbruk Arbeidersamfund, men kan ikkje hugsa at det var bruk for nokon nisse på den tradisjonelle julefesten der heller, for mange år etterpå.

Eivind Toop, f. 1883, Adalsbruk, styrer på Klevfoss Cellulosefabrikk, taler um det som ein my skikk då borna hans fekk julegaver av "nissen" (frå 1918 eller derkring). På julebrefester på skulen, i gymse selskapsmatre eller i grenda elles der born var med, var gävone til vanleg julebrefester som hekk på brett. Det godteret som ikkje fekk rom i korgene: appelsinar, eple o. likn., vart utbeta utan nisseljelpe, det òg.

Det er mogleg at det var i somme heimmar julenissen synke seg fyrst; men mange stader bak dei nok eller det dei hadde sett på offentlege fester, då den tida kom. Elles er det ikkje brått alle som har teke opp denne skikken ennå, og det ser mest ut som han

B.

B

B. er på reise. (E. Torp har slutte no med å laga nissestekt når barneborna er samla på han; dei blir berre redd, seier han.)

Det er rimelig at nissekort osv. har gjort sitt til å gjere skikken kjend i si tid.

2.

Julenissen har med alle dei gävone han greides berre. Resten for liggja under julebreeb, dersom det er slik ovrøgd. At han skal ha noko for skrevet, er ikkje spurt.

3.

Gjeld det ein julebrefest utanfor heimen, plar det vera ein av festnemnda som er nisse. I heimene er det jamt velvaksne nisser, der òg.

4.

Det vanleg er at nissen skal ha raud poypluve, langt, kvitt skjegg (og gjerne brillor) og raud, sid frakk (eller pels og anna utanpåty).

5.

Kjøpemaske er det mange som har.

6.

Julenissemaske kan ein bruke når ein går julebukke òg.

7.

Julebukker som deler ut julegävor, er ikkje spurt. Dei skal heller ha gävor sjölve (skjunkt).

8. og 9.

B. Johan Ådalen, f. 1868, huseigar, Ådalstrub, fortel at mor hans la godter på matbordt juledagmorgon, og sa åt borna at det var nissen som hadde kome med det. Truleg var det godnissen ho tenkte på. Elles er det like å merka til sambandet mellom den gamle og den nye nissen.

5385